



Notat

Dato: 24.04.2017
Arkivsak: 2015/11453-88
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Opprettning av tilbod som ikkje var endeleg godkjent av NOKUT

NOKUT sende 15. september 2016 tilsegn om godkjenning av tilboden Psykisk helsearbeid og rusarbeid med etterhald om at NOKUT ikkje kunne fatte endeleg vedtak om godkjenning før Hordaland helsefagskole hadde sendt inn minimum éin forpliktande samarbeidsavtale med relevant arbeidsgjevar. På grunn av ei misforståing har skulen og administrasjonen trudd at tilboden var godkjent, og det vart difor starta opp ein klasse innan Psykisk helsearbeid og rusarbeid etter 15. september 2016. Tilboden vart lyst ut som Psykisk helsearbeid, og studentane vart orientert om at tilboden ville verte endra til Psykisk helsearbeid og rusarbeid dersom det vart godkjent av NOKUT. For å rette opp denne feilen er studentane tilbakeført til tilboden Psykisk helsearbeid i påvente av endeleg godkjenning frå NOKUT. Første del av dei to studia er likt, og det vil derfor ikkje vere noko problem å innpassa studentane til Psykisk helsearbeid og rusarbeid når det er endeleg godkjent.

I vedlagde brev skriv NOKUT at Hordaland helsefagskole ikkje har sendt inn ein samarbeidsavtale til NOKUT, men dette er ei misforståing hjå NOKUT. Helsefagskulen sende inn ein samarbeidsavtale då tilhøva vart oppdaga i mars 2017.